

KLAGE PÅ VEDTAK

Innkalling til konsesjonsbehandling for Hellandsfossen kraftverk i Modalselva

Til:

Energidepartementet

v/ Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Frå:

MK Kraft AS

Balane 39

5729 Modalen

Dato: 25.03.2026

Saksnummer: 202521111-3

1. Innleiing

MK Kraft AS viser til vedtak frå Norges vassdrags- og energidirektorat datert 05.03.2026, der Hellandsfossen kraftverk vert kalla inn til konsesjonsbehandling etter vassressurslova § 66 (*Vedtak om innkalling til konsesjonsbehandling 05.03.2026*).

MK Kraft AS påklagar vedtaket.

Vi vil presisere at vi ikkje motset oss at miljøtilhøva i vassdraget blir vurderte. Samtidig vil vi peike på at dei sentrale problemstillingane som NVE viser til i vedtaket allereie er til vurdering i den pågåande vilkårsrevisjonen for reguleringskonsesjonane i Steinslands-/Modalsvassdraget (NVE sak 8441). Etter vårt syn reiser dette spørsmål om både behovet for ei separat konsesjonsbehandling og grunnlaget for innkalling etter vassressurslova § 66.

Klagen gjeld difor fleire grunnleggjande forhold ved vedtaket, mellom anna:

- manglande samordning med vilkårsrevisjonen for Modalsvassdraget
- manglande vurdering av ansvarsforhold i vassdraget
- svakt og indirekte kunnskapsgrunnlag
- uforholdsmessig belastning på eit lite lokalt kraftverk
- manglande vurdering av gjennomførte miljøtiltak

2. Vilkår for innkalling etter vassressurslova § 66

Etter vassressurslova § 66 kan NVE kalle inn eldre tiltak til konsesjonsbehandling dersom særlege omsyn til allmenne interesser tilseier det.

Bestemmelsen er meint å nyttast i situasjonar der det er nødvendig å få eit tiltak inn i konsesjonsregimet for å handtere vesentlege miljø- eller ressursmessige problemstillingar.

MK Kraft AS meiner at denne terskelen ikkje er tilstrekkeleg vurdert i saka.

Dei problemstillingane som NVE viser til, mellom anna:

- fiskepassasje
- nedvandring av smolt
- vassføring i restfeltet

er alle spørsmål som allereie er gjenstand for vurdering i vilkårsrevisjonen for reguleringskonsesjonane i Modalsvassdraget (NVE sak 8441).

Når dei same miljøforholda allereie er til vurdering i revisjonen av reguleringskonsesjonen for Modalsvassdraget, framstår det etter MK Kraft AS sitt syn som lite formålstenleg å starte ei separat konsesjonsbehandling av Hellandsfossen kraftverk. Kraftverket ligg berre parallelt med det langt større Hellandsfoss kraftverk på ein avgrensa del av den aktuelle elvestrekninga, medan dei hydrologiske rammene i området i hovudsak blir fastsette gjennom reguleringa ved Steinsland og drifta av Hellandsfoss kraftverk.

Ei isolert konsesjonsbehandling av Hellandsfossen kraftverk vil difor i liten grad rette seg mot dei faktiske styringsfaktorane i vassdraget. Samstundes inneber ei slik tilnærming ein reell risiko for at utgreiingsplikt og kostnader knytte til miljøtiltak blir lagde på eit mindre kraftverk, medan dei reguleringane som i praksis styrer vassføringa og miljøtilstanden i vassdraget ligg til behandling i ein annan prosess.

Det er derfor grunn til å stille spørsmål ved om situasjonen i realiteten utgjer eit slikt «særleg tilfelle» som § 66 føreset.

3. Manglande samordning med vilkårsrevisjonen

Det pågår ein omfattande vilkårsrevisjon for reguleringskonsesjonane i Steinslands-/Modalsvassdraget (NVE sak 8441).

Denne revisjonen omfattar nettopp dei problemstillingane som NVE viser til i vedtaket, mellom anna:

- hydrologi og vassføring
- fiskepassasje
- nedvandring av smolt
- miljøtilstand i vassdraget

Fleire av dei faglege rapportane som NVE viser til i vedtaket er utarbeidde i samband med denne revisjonen, mellom anna:

- NORCE – *Vannføringsforhold og utvandring av smolt*
- Norconsult – *Mulighetsstudie nedvandring Hellandsfossen*
- Multiconsult – *Utredding av fisketrapp i Modalselva*

Desse rapportane analyserer forholda i heile vassdraget, ikkje berre Hellandsfossen kraftverk.

Når dei same forholda allereie er til behandling i revisjonen av reguleringskonsesjonen til Eviny, skaper ei separat konsesjonsbehandling risiko for:

- dobbelt utgreiingsarbeid
- fragmenterte tiltak
- uklare ansvarsforhold

Eit ytterlegare moment er at vilkåra for regulanten i vassdraget for tida er til revisjon. Desse vilkåra omfattar mellom anna manøvreringsreglement og rammer for vassføring i vassdraget. For Hellandsfossen kraftverk inneber dette at dei hydrologiske rammene som kraftverket opererer innanfor ikkje er endeleg avklarte. Dersom MK Kraft AS no blir pålagt å utarbeide ein konsesjonssøknad, vil denne i stor grad måtte basere seg på føresetnader om framtidig vassføring som enno ikkje er fastsette. Dette gjer det i praksis svært vanskeleg å utarbeide eit fagleg presist og framtidsretta kunnskapsgrunnlag, då dei hydrologiske rammene som søknaden skal byggje på kan bli endra gjennom revisjonen av reguleringskonsesjonen.

Etter MK Kraft AS sitt syn talar dette for at eventuelle vurderingar knytte til Hellandsfossen kraftverk bør skje i samanheng med vilkårsrevisjonen, der dei hydrologiske rammene for vassdraget uansett blir fastsette.

I ein slik situasjon framstår det også som vanskeleg å sjå at vilkåra for innkalling etter vassressurslova § 66 er oppfylte, når dei sentrale miljø- og hydrologiske rammene i vassdraget framleis er til vurdering i revisjonen av reguleringskonsesjonen.

4. Manglande sjølvstendig vurdering frå NVE

I svar på krav om innsyn skriv NVE at:

«NVE har ikkje gjort andre vurderingar enn det som går fram her, verken kring konsesjonsplikt, hydrologi, naturverdiar eller anna.»

(Svar på krav om innsyn 19.03.2026)

Vedtaket byggjer dermed i hovudsak på:

- revisjonsdokumentet for vilkårsrevisjonen
- uttale frå FNF Hordaland
- uttale frå Miljødirektoratet.

Alle desse dokumenta er knytte til revisjonsprosessen for reguleringskonsesjonane.

Når NVE ikkje har gjort ei sjølvstendig vurdering av Hellandsfossen kraftverk si eigen påverknad, reiser dette spørsmål om saka er tilstrekkeleg opplyst.

Etter forvaltningslova § 17 skal ei sak vere så godt opplyst som mogleg før vedtak blir fatta.

MK Kraft AS meiner dette kravet ikkje er oppfylt.

5. Historiske forhold i vassdraget

Hellandsfossen var opphavleg ein naturleg totalbarriere for anadrom fisk.

Laksetrappa vart etablert av BKK i 1983 i samband med reguleringa av Modalsvassdraget.

Anadrom fisk fekk dermed tilgang til området ovanfor fossen først etter at regulanten gjennomførte dette tiltaket.

Utfordringar knytt til nedvandring av smolt oppstod dermed først etter etableringa av laksetrappa.

Norconsult sin studie viser at smolt som passerer fossen har om lag 40 % overleving, noko som inneber rundt 60 % dødelegheit (Norconsult – Mulighetsstudie nedvandring Hellandsfossen).

Dette viser at fossen i seg sjølv representerer ein naturleg risiko for nedvandrande fisk.

6. Nedvandring av fisk – behov for heilskapleg løysing

Fleire faglege rapportar peikar på at nedvandring av smolt ved Hellandsfossen er eit komplekst systemspørsmål (Norconsult – *Mulighetsstudie nedvandring Hellandsfossen*, NORCE – *Vannføringsforhold og utvandring av smolt*).

Smolt kan passere området gjennom fleire ulike ruter, mellom anna:

- over fossen
- gjennom kraftverka
- gjennom fisketrappa.

Ei god løysing for nedvandring krev derfor at fleire element i systemet blir vurderte samla, mellom anna:

- kraftverka i elvestrekninga
- sjølve fossen
- innløpet til laksetrappa.

I denne samanhengen er det viktig å vere merksam på at det i same elvestrekning ligg to kraftverk:

- Hellandsfossen kraftverk (MK Kraft AS)
- Hellandsfoss kraftverk (Eviny).

Hellandsfoss kraftverk har inntak lenger oppe i vassdraget ved Almelid og nyttar i praksis den same elvestrekninga som Hellandsfossen kraftverk gjennom eit parallelt kraftsystem. I periodar med drift vil ein betydeleg del av vassføringa i elva bli ført gjennom dette anlegget før vatnet kjem tilbake til elva nedstrøms.

Dette inneber at nedvandrande smolt også kan passere gjennom Hellandsfoss kraftverk, i tillegg til dei andre rutene i systemet.

Den faktiske fordelinga av nedvandringruter vil i stor grad vere styrt av:

- vassføring i elva
- drift av kraftverka
- hydrologiske forhold i vassdraget.

Nedvandringproblematikken kan derfor ikkje vurderast isolert for eitt enkelt kraftverk.

Ei god løysing krev i staden at ein ser på samanhengen mellom:

- kraftverksdrift
- vassføring i restfeltet
- lokkestraum mot fisketrappa
- og utforming av eventuelle nedvandringsløysingar.

Dersom Hellandsfossen kraftverk blir behandla i ei separat konsesjonssak parallelt med revisjonen av reguleringskonsesjonane, kan dette i praksis gjere det vanskelegare å utvikle ei heilskapleg løysing.

Særleg gjeld dette spørsmål knytt til:

- korleis smolt kan leiast mot fisketrappa
- samspel mellom lokkestraum, vassføring og kraftverksdrift
- utforming av eventuelle nedvandringsløysingar.

Ei fragmentert saksbehandling kan dermed svekkje moglegheita til å etablere ei optimal løysing for sikker nedvandring via fisketrappa.

I ein slik situasjon er det etter MK Kraft AS sitt syn avgjerande at vurderingane skjer samla i vilkårsrevisjonen for vassdraget, og at eventuelle tiltak og kostnader blir retta mot regulanten som styrer vassføringa og dei hydrologiske rammene i vassdraget.

7. Gjennomførte tiltak ved kraftverket

MK Kraft AS har over fleire år aktivt bidrege til forskning og miljøtiltak i vassdraget.

Tiltaka omfattar mellom anna:

- montering av finmaska rister i inntaket for å hindre at smolt kjem inn i vassvegen
- etablering av lokkestraum mot innhoppet i laksetrappa
- samarbeid med forskingsmiljø og lokale aktørar.

Ristene har ei lysopning på om lag 18 mm og er i bruk i vandringsperioden for smolt.

Tiltaka er gjennomførte på bakgrunn av anbefalingar frå faglege utgreiingar (Multiconsult – Utredning av fisketrapp i Modalselva).

Desse tiltaka er gjennomførte frivillig av MK Kraft AS.

8. Sammenlikning med andre saker

I uttalene frå Miljødirektoratet og FNF blir det vist til fleire andre konsesjonsfrie kraftverk som er kalla inn til konsesjonsbehandling, mellom anna:

- Tveitafoss kraftverk
- Trælandsfoss kraftverk.

Desse sakene gjeld imidlertid andre hydrologiske og biologiske forhold.

Tveitafoss-saka gjeld i stor grad problemstillingar knytt til tørrlegging av elvestrekningar.

Trælandsfoss-saka gjeld eit kraftverk i ei naturleg lakseførande elv.

Situasjonen ved Hellandsfossen er annleis, fordi anadrom fisk først fekk tilgang til området etter etableringa av laksetrappa.

9. Lokal verdiskaping

Hellandsfossen kraftverk representerer viktig lokal verdiskaping i Modalen.

Kraftverket:

- er lokalt eigd
- bidreg til arbeidsplassar
- gir inntekter som kjem lokalsamfunnet til gode.

Ei omfattande konsesjonsbehandling vil kunne påføre eit lite lokalt selskap store kostnader.

Samtidig gjeld mange av dei aktuelle problemstillingane tiltak som spring ut av reguleringane i vassdraget.

10. Samla vurdering

MK Kraft AS meiner at vedtaket ikkje i tilstrekkeleg grad tek omsyn til:

- vilkårsrevisjonen for Modalsvassdraget
- ansvarsforhold mellom aktørane
- behovet for ei heilskapleg løysing for nedvandring av fisk
- dei miljøtiltaka som allereie er gjennomførte.

11. Påstand

MK Kraft AS ber primært om at vedtaket blir **oppheva**.

Subsidiært ber vi om at:

- saka blir samordna med vilkårsrevisjonen for Modalsvassdraget
- eventuelle utgreiingskrav blir avgrensa til kraftverket si eigen påverknad.

Med helsing

Simon Flatekval

MK Kraft AS



Vedlegg

Dokumenta som denne klagen refererer til er å finne på NVE sine sider:

Saksnummer

201914739

201902733

201505471

202521111